



Her spelar Vegard duett med verdsstjerna Tine Thing Helset på HUBB-konsert. No er den lovande kornettisten klar for EYBB. (Foto: Thor Inge Døssland)

Kornettisten Vegard Døssland er tydelegvis lagt merke til langt utanfor Kvinnherad sine grenser! Han har fått mange spennande oppdrag og opplevsalar, og fleire står for tur. Saman med den særst talentfulle tubaisten Fredrik Hassel frå Porsgrunn mottok han nyleg ein mail frå Norges Musikkorps Forbund med tilbud om plass i European Youth Brass Band (EYBB). Det er Den Europeiske Brass Band Accosiation som administrerer dette internasjonale ungdomskorpset.

EYBB er samansett av i overkant av 30 unge musikarar frå 10 forskjellige land. Kwart år har dei samling i samband med europameisterskapet for brassband, og dei har konsert under dette meisterskapet. I fjor var det i Rotterdam, i år skal det vera i Oslo.

Vegard veit ikkje kor mange norske som vert med i korpset i år, men han seier at Norge hadde 4 plasser i fjor, og han veit at det er han og den nemnde tubaisten Fredrik Hassel som har fått tilbudet no. Vegard har alt takka ja til tilbudet, og det vert samling i Oslo frå 27.april til 5.mai.

Før Vegard kjem så langt har han ein svært travel periode med mykje musikk. NM-speling med elitekorpset Jaren Hornmusikkforrening, samling med Norsk Blåseorkester og Ole Edvard Antonsen, og stor aktivitet på

Toneheim Folkehøgskule er noko av det som står for tur.

Her heime vert den lovande trompetisten og kornettisten å høyre på Kvinnherad kulturfestival saman med dei dyktige musikkvennene i Rosendal og Omland Jazzverk. Det seier han at han gleder seg veldig til. - Det er alltid gøy å spela på heimebane, og særleg saman med Jazzverket, seier han.

Av: Ola Matti Mathisen